ALVER
KOMMUNE

Equinor

| | | |
|---|---|---|
| Referanser:<br>Dykkar:<br>Vår: 21/9167 - 21/78222 | Saksbehandlar:<br>Hanne Marie Evensen<br>hanne.marie.evensen@alver.kommune.no | Dato:<br>01.12.2021 |

# Referat fra forhåndskonferanse - gbnr 127/121 Mongstad

Førehandskonferanse er ein gjensidig orientering om rammeføresetnader for det aktuelle tiltaket og krav knytt til plangrunnlag, infrastruktur, lovverk og saksgang for søknaden. Førehandskonferansen gjev ingen binding i forhold til den vidare sakshandsaminga.

Orienteringa er gjeve på bakgrunn av dei opplysningane som er sendt inn i forkant og/eller lagt fram i møte. Vi gjer merksam på at endring i plangrunnlag, merknader frå naboar, merknader frå offentlege instansar og politiske vedtak med vidare vil kunne føra til krav om endring av prosjektet, lengre tid til sakshandsaming og endring av sakshandsamingsprosessen.

For krav til førehandskonferanse vert det vist til byggesaksforskrifta § 6-1.

Referatet skal dokumentere dei føresetnader som er lagt til grunn, og gjev grunnlag for vidare handsaming. Referatet skal sluttførast i førehandskonferansen og kommunen skal straks gjere referatet tilgjengeleg for tiltakshavar. Referatet skal følgje med som vedlegg til ein eventuell byggesøknad.

Førehandskonferanse er ei gebyrlagt teneste, jf. Alver kommune si gebyrforskrift.

| | |
|---|---|
| **Tiltak** | hydrogenanlegg<br><br>Gbnr: 127/121 |
| **Tiltakshavar** | |
| **Ansvarleg søkjar** | Norconsult AS |
| **Møtestad** | Rådhuset |

| | |
|---|---|
| **Møtedato** | 22.11.2021, kl. 1100 |
| **Til stades i møtet frå kunde og kommune** | Elise Haraldsrud Lien – Norconsult AS<br>Ronny Sævold Finnema – Air Liquide<br>Tor Finn Isaksen – Equinor<br><br>Are Frøysland Grande – Alver kommune<br>Lennart Falkenberg-Arell – Alver kommune<br>Hanne Marie Evensen – Alver kommune<br><br>Via Teams:<br>Knut Robbestad – Equinor<br>Christian Trender – Norconsult AS |

| | |
|---|---|
| **Søkjar kom med følgjande orientering om tiltaket** | ***Oppsummering av spørsmål***<br>- Er tiltaket avhengig av dispensasjoner fra bestemmelser/plan utover dispensasjonene det tidligere har vært dialog om.<br>- Hvilke myndigheter må det innhentes uttalelse fra?<br>- Hvilke fagområder ser kommunen at det er nødvendig å dekke med ansvarserklæringer?<br>- Stiller kommunen krav til søknadsdokumentasjon utover normalt omfang? Tegningsgrunnlag, utredninger mv. |

| **Sakshandsaming** | |
|---|---|
| **Sakstype** | ☒ Tiltak som krev søknad, løyve og ansvarsrett jf. pbl. § 20-3<br>☐ Tiltak som krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-4<br>☐ Tiltak som ikkje krev søknad og løyve, jf. pbl. § 20-5<br>☐ Tiltak som vert handsama etter anna lovverk, jf. pbl. § 20-6<br>☒ Søknad om dispensasjon, jf. pbl § 19-1 |

| | |
|---|---|
| **Tiltaksklasse SØK** | ☐ Tiltaksklasse 1 ☐ Tiltaksklasse 2 ☐ Tiltaksklasse 3<br><br>Kompleksitet og moglege konsekvensar av feil og manglar, er avgjerande for val av tiltaksklasse. Val av tiltaksklasse kan verta endra i løpet av prosessen. |
| **Nabotilhøve** | ☐ Naboar og tverrbuar skal ha varsel i samsvar med naboliste og situasjonskart, jf. pbl. § 21-3.<br><br>Tiltaket skal vera plassert minimum 4 meter frå eigedomsgrensa, jf. pbl. § 29-4, med mindre:<br>☐ Det er sett anna byggegrense i plan<br>☐ Det vert søkt om dispensasjon<br>☐ Det ligg føre skriftleg samtykke frå nabo, jf. pbl § 29-4 3.ledd bokstav b |

| | |
|---|---|
| | ☐ Kommunen kan godkjenne nærare plassering av garasjar, uthus og liknande mindre tiltak jf. pbl § 29-4 3.ledd bokstav b, jf. TEK10 § 6-4 |
| **Situasjonsplan/ utomhusplan** | Situasjonsplan må visa alle tiltaka søknaden gjeld.<br>Krav til innhald er til dømes:<br>• Målsatt med ytre mål<br>• Vise avstand til nabogrense<br>• Vise møneretning<br>• Vise byggegrenser<br>• Vise avstand til midtline til offentleg veg<br>• Vise murar/terrenginngrep<br>uteopphaldsareal |
| **Teikningar** | Det må sendast inn teikningar i målestokk. I teikningsgrunnlaget skal det leggast ved teikningar av alle fasadar, planløysing med målsett areal på rom, og snitt. Mønehøgd og gesimshøgd skal gå fram.<br><br>Ved søknad om endring av eksisterande bygg må det leggast ved:<br>☐ Fasadar og planløysing før endring<br>☐ Fasadar og planløysing etter endring, der endringar er tydeleg markert |

| | |
|---|---|
| **Uavhengig kontroll** | ☐ Obligatorisk uavhengig kontroll, jf. SAK § 14-2<br>☐ Kommunen krev uavhengig kontroll i tiltaket, jf. SAK § 14-3.<br>Følgjande ansvarsområde må ha uavhengig kontroll: |
| **Godkjenning/uttale etter anna lovverk, jf. SAK § 6-2**<br><br>Der forholdet til anna mynde ikkje er avklart ved innsending av søknad, vert søknaden sendt på høyring og/eller oversendt for vedtak etter det aktuelle lovverk. | ☒ Arbeidstilsynet<br>☐ Direktoratet for mineralforvaltning<br>☒ Brannvesen<br>☐ Forurensningsstyresmakt – Kommunal<br>☐ Forurensningsstyresmakt – Statsforvaltaren<br>☐ Friluftsstyresmakt - Kommunal<br>☐ Havnestyresmakt – Kommunal/Bergen om Omland Havnevesen<br>☐ Havnestyresmakt - Kystverket<br>☐ Helsestyresmakt - Kommunens helseteneste<br>☐ Helsestyresmakt - Mattilsynet<br>☐ Jordlovsstyresmakt - Kommunal<br>☐ Kyrkjeleg styresmakt<br>☐ Luftfartstilsynet<br>☐ Kulturminne – Fylkeskommunen<br>☐ Kulturminne – Bergens sjøfartsmuseum<br>☐ Sivilforsvaret<br>☒ Vegstyresmakt – Fylkeskommunen i Vestland<br>☐ Vegstyresmakt - Statens vegvesen |

<table>
<tr><td></td><td>☐ Anna<br><br>- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)<br>- Statsforvaltar i Vestland<br>- Vestland fylkeskommune<br>- Nordhordland og Gulen Interkommunale Brannførebyggjande avdeling (NGIB)<br>- Samferdsel veg, vatn og avlaup Alver kommune<br>- Plan og analyse Alver kommune<br><br>Søkjar kan sjølv leggja saka fram for andre styresmakter.</td></tr>
</table>

<table>
<tr><th colspan="2">Plangrunnlag</th></tr>
<tr><td>Planstatus</td><td>☐ Kommuneplan ☐ Pågåande planarbeid<br>☒ Reguleringsplan ☐ Områderegulering<br>☐ Utbyggingsplan ☐ Detaljregulering<br>☐ Omsynssoner ☐ Bygge- og deleforbod<br>☐ Uregulert ☐ Energipolitisk handlingsplan<br>☐ Lokale vedtekter ☐ Anna</td></tr>
<tr><td>Plannamn</td><td>Reguleringsføresegner for Statoil Industriområde, planid: 1263-201307</td></tr>
<tr><td>Føremål</td><td>Industri – IND 3</td></tr>
<tr><td>Planføresegner</td><td>2.3 Industri – IND 3<br>2.3.1 Felt IND 3 kan nyttast til prosessindustri, og anna industri og lagringsanlegg med tilknyting til foredling av petroleum.<br><br>Kommuen vurderer at tiltaket er i tråd med reguleringsføremålet.<br><br>Reguleringsplanen seier ikkje noko om utnyttingsgrad og byggehøgd, difor gjer pbl § 29-4 seg gjeldande:<br><br>«Bygning med gesimshøyde over 8 meter og mønehøyde over 9 meter kan bare føres opp hvor det har hjemmel i plan etter kapittel 11 eller 12».</td></tr>
<tr><td>Rekkjefølgjekrav</td><td>Aktuelle rekkjefølgjekrav i plan:<br><br>1.2.5<br>Det må vere dokumentert sikra tilgang på vassforsyning (drikkevatn, slukkevatn, prosessvatn, etc.) før kvar enkelt bygning og installasjon kan få godkjent rammesøknad.<br><br>1.2.6<br>Før rammeløyve kan gjevast for utbygging av felt IND3 og IND5-8,</td></tr>
</table>

| | |
|---|---|
| | skal det ligge føre plan for handtering av overskotsmassar frå utbyggingsområdet. Jordmassar skal Mongstad Statoil industriområde – Reguleringsføresegner datert. 17.01.2014 – Vedtatt xx.xx.xxxx 3 primært deponerast på areal der massane kan nyttast til jordbruksføremål. Dersom det ligg føre kommunal plan eller retningsliner for massehandtering for området, kan desse nyttast som plan for massehandteringa.<br><br>**1.3 Område for faresone – eldsfarleg opplag (H390)**<br>Før oppføring av nye tiltak eller flytting av tiltak kan godkjennast, skal det utførast eksplosjons- og risikoanalyse for å fastsette naudsynte avstandar mellom prosessområde og andre bygningar/anlegg.<br><br>**1.5 Overvasshandtering**<br>Lokal overvasshandtering skal leggast til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums for utsleppet.<br><br>**7.3 Eldsfarleg opplag**<br>**7.3.1** For kvart enkelt utbyggingstiltak skal det gjennomførast ei eksplosjons- og risikoanalyse. Denne skal leggjast til grunn ved fastsetjing av naudsynte avstandar mellom installasjonar og andre bygningar, samt utstrekning av sikringsfeltet. |
| **Utbyggingsavtalar** | |

| | |
|---|---|
| **Dispensasjon**<br><br>Dispensasjon krev grunngitt søknad. Dispensasjon må nabovarslast, enten særskilt eller saman med byggeløyve. | Dette tiltaket krev dispensasjon frå:<br><br>☐ Gjeldande kommuneplan/kommunedelplan for følgjande føremål/føresegner:<br><br>☒ Plan- og bygningslova: § 1-8<br>Forbod mot tiltak innanfor 100-metersbeltet.<br><br>Pbl § 29-4 – høgde<br><br>☐ Forskrifter:<br><br>☐ Vedtekter:<br><br>☐ Anna: |
| **Vurdering/merknad:** | Ettersom planen har ein del svakheiter, særleg mtp. manglande ROS-analyse, så anbefalast det å ta ei full planendring før ein går vidare med byggesaka. |

| | |
|---|---|
| | Dersom ein ynskjer å søke dispensasjon, så krev tiltaket dispensasjon frå pbl § 1-8 og § 29-4 høgde.<br><br>Ansvarleg søkjar må vurdere om det og krevst dispensasjon frå utnyttingsgrad.<br><br>Det må gjerast ei konsekvensutgreiing. Den kan sendast til Lennart Falkenberg-Arell: lennart.falkenberg-arell@alver.kommune.no, på planavdelinga. |

| **Infrastruktur** | |
|---|---|
| **Vatn- og avløp** | ☒ Offentleg vatn ☐ Privat vatn<br>☐ Offentleg avløp ☐ Privat avløp<br>☐ Overvasshandtering ☐ Terreng<br><br>Det må gå fram av søknaden korleis overvatn frå eigedommen skal handterast.<br><br>Privat avløp krev søknad om utsleppsløyve dersom dette ikkje ligg føre. Ved privat vatn må søkjar dokumentera tilfredsstillande vassmengd og vasskvalitet.<br><br>På kart som er vedlegg til søknad om tilknyting til offentleg nett og på kart som er vedlegg til søknad om utsleppsløyve, skal private vatn- og avløpsleidningar og tilknytingspunkt vera teikna inn.<br><br>☐ Tinglyst rett til plassering av anlegg med tilhøyrande leidningar må liggja føre<br>☐ Plassering i samsvar med plangrunnlag |
| **Vurdering/merknad:** | Utslepp for næringsverksemd er det Statsforvaltaren i Vestland som må vurdere.<br><br>Kommunalt vatn – saka må på uttale til Samferdsel, vatn, veg og avløp for å avklare at det kan leverast drikkevatn, sløkkevatn og prosessvatn før igangsetjingsløyve vert gjeve. Dette er også et pkt. i reguleringsplanen 1.2.5.<br><br>NGIB må inngå i prosjekteringa for å sikre tilkomst og tilkopling for brannsløkking. |

| | |
|---|---|
| **Tilkomst** | Eigedommen skal ha tilkomst til:<br><br>☒ Kommunal veg<br>☒ Fylkesveg/Europaveg<br>☐ Tilkomst i samsvar med reguleringsplan<br>☐ Tilkomst skal skje via privat veg på gbnr [sett inn]<br><br>☐ Tinglyst rett/skriftleg avtale om vegrett med alle aktuelle grunneigarar må ligga føre |
| **Vurdering/merknad:** | Arne Helgesen er leiar for Eigedomsforvaltning som kan svare på spørsmål vedr. Veg, vatn og avlaup.<br><br>Arne Eikefet er rådgjevar på avdeling for Samfunnsutvikling.<br><br>Det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsle til Vestland fylkeskommune. |

| **Oppretting og endring av eiendom** | |
|---|---|
| Oppretting og endring av eigedom må ikkje gjerast på en slik måte at det oppstår forhold som er i strid med reglane i pbl, forskrift eller plan. Opprettelse eller endring må ikkje gjerast sånn at det blir oppretta/endring av tomtar som er ueigna til det føremålet eigedommen har/skal ha på grunn av sin størrelse, form eller plassering<br><br>For fleire vurderingar, sjå under punkt for Andre tilhøve. | ☐ Terrengtilhøva/topografi på tomt/areal<br>Vurderingsmoment:<br><br>☐ Avstand til nabogrense for ny og eksisterande bygg på eigedommen (Kjem eksisterande bygg i strid med avstandsreglane i pbl § 29-4)<br>Vurderingsmoment:<br><br>☐ Krav til kvalitet på uteareal (plassering, soltilhøve, topografi, kvalitetar)<br>Vurderingsmoment: |

| | |
|---|---|
| **Visuelle kvalitetar** | I § 29-2 i pbl. står det:*"Ethvert tiltak skal prosjekteres og utføres slik at det etter kommunens skjønn innehar gode visuelle kvaliteter både i seg selv og i forhold til dets funksjon og dets bygde og naturlige omgivelser og plassering".*<br><br>☐ Krav til estetikk/tilpassing i reguleringsføresegner. |

| Vurdering/merknad: | |
|---|---|

| Andre tilhøve | |
|---|---|
| **Klima –og naturtilhøve** | ☐ Ras<br>☐ Flom<br>☐ Støy<br>☐ Radon<br><br>Ved kryss over:<br>Skriv inn kva tiltak som iverksetjast før eller ved innsending av søknad |
| **Verneinteresser i området** | |
| **Høgspentline** | |
| **Privatrettslege forhold** | |
| **Avstand til kommunalt leidningsnett** | Krav om 4 meter avstand, jf. standard abonnementsvilkår punkt 3.4. Plassering i strid med dette krev søknad om dispensasjon. |

| **Oppsummering/avklaring av konkrete spørsmål og problemstillingar** | Kommunen anbefaler å ta ei full planendring, sjølv om det er mogleg å søkje dispensasjon.<br><br>Grunnarbeid, fundamentering, bygningar og VA-anlegg skal handsamast i byggesaka. Ansvarleg søkjar må sjølv vurdere kva områder som krev ansvar etter pbl § 20-3, jf. 23-1.<br><br>Kommunen vil ikkje krevje søknadsdokumentasjon utover normalt omfang. Legger til grunn at søknad tilfredsstiller krava i Byggesaksforeskrifta (SAK10) kapittel 5.<br><br>Brann må inngå i prosjekteringa.<br><br>DSB må gje samtykke til handtering av farlege stoffar.<br><br>Storulykkeforskrift må utgreiast. Verknad ved storulykke av dette tiltaket på omliggjande bedrifter inkludert oljeraffineriet og omlastingskaien til Equinor som ligg rett utanfor den aktuelle tomta. Verknad av storulykke på oljeraffineriet for dette tiltaket.<br><br>Det må utarbeidast ROS-analyse og endring av godkjent plan. Analysen må ta omsyn til heile område, ikkje berre forhold innanfor planområde.<br><br>For tida er det ein reguleringsplan under arbeid; Grøn omstilling Mongstad 127/91 m.fl., som erstattar Storhamn Mongstad i sin heilskap. |
|---|---|

| | |
|---|---|
| | I tillegg er det ein konsesjonssak om utbetring av straumkapasitet i regi av Statnett. |

Søknad om løyve til tiltak sendast til:

Per post:
Alver kommune
V/Plan og byggesak
Postboks 4
5906 Frekhaug

Elektronisk
post@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Equinor | | | |
| Norconsult AS | Postboks 626 | 1303 | SANDVIKA |